

Fortidsgardar – kjende og ukjende

(i Vikebladet 14.okt. 2010)

Vikebladet 25.9. etterlyser hjelp til å identifisere nokre ”ukjende fortidsgardar”. Her passar det å minne om at bladet hadde ei fin artikkelserie hausten 2003, ”På gjengrodde stiar”, som tok opp nokre av desse namna.

Det er i hovudsak tre grunnar til at ein gard er ”ukjend” for notida. Den første er at garden for lengst er avfolka, nedlagd og gløymd. Den andre er at det er gardsnamnet som har gått i gløymeboka. Garden finst den dag i dag, men med eit anna namn. Forvanskingar og feilskrivingar er ein tredje grunn til at me finn ukjende namn i gamle kjelder.

Watne og Øenn

For Ulstein finst desse to namna i éi einaste kjelde: Skattytarlista for Pengeskatten 1603. Dette er den første heile skattelista som finst for Sunnmøre (utanom Tiandpenningsskatten 1520-22). Lista er dataregistrert og ligg på internett (folk.ntnu.no/ivarse/avskr/skatt1603.html). Her finn me ”Suitzer i Øenn” og ”Amundt paa Watne”. Lista er ordna geografisk, og dei to står saman med skattytarar frå Osnes, Skeide og Ulstein. Dei betalar full skattesats som bønder, ikkje halv sats som øydegardsmenn og husmenn. Det ligg nær å tru at ”Watne” er ei feilskriving av ”Watøe” eller Vattøy – som elles ikkje er nemnd i 1603. Sidan me finn ”Amund i Watøenn” i den neste lista, tiende og leidang frå 1607, er vel trua tilnærma stadfesta. ”Øenn” kan vere noko meir uvisst. Det er neppe Hatløya, for der er det nemnt tre brukarar både i 1603 og 1607. Det kan tenkjast at ”Suitzer” heldt til på Borgarøya eller Håkonsholmen, sjølv om ikkje desse øyane vart fast busette før nokre tiår seinare. Men skattesatsen fortel at det må ha vore ein etablert bustad. Det mest trulege er at ”Øenn” også er Vattøya. Her var det to brukarar i 1607.

Fierringer eller Fieringen

Dette er ei brukseining nemnt nokre år frå 1603 og plassert mellom Hofset, Saunes og Vik. Brukaren, Tore, betalar pengeskatt som bonde, men har minstesats for leidang: eitt kalveskinn. Det er på linje med husmenn. Til samanlikning betalar kvar av brukarane i Vik, Hovset og Saunes 3-4 gongar meir. Det var altså ei lita brukseining som sikkert har gått inn under ein av dei tre gardane seinare.

Støylen

Støylen har det vore fleire stadar. I listene frå 1603 og 1607 står ”Stølle” saman med Hovset og dei har sams leidang. Hundre år seinare er Støylen ført opp som underbruk av Holveker – men dette kan vere ein annan støylen. Vidare er det betalt leidang i 1607 for ”Stølle” ved Indre-Dimna, venteleg det me kjenner som Dimnastøylen.

Skor, Merrasetra og Kiberg.

Dette var gardar som var i drift tidleg på 1600-talet. Dei vart truleg folkesette seint på 1500-talet, men var neppe eigna til livberging. Etter få år er det berre namnet att i skattelistene: ”Kiberig ere øde”. Det kom aldri noko særleg tiendkorn frå desse gardane. Men lokaliseringa er kjend, og dei er omtala i bygdebøkene. Saman med Hammarstøylen og Løset er dette dei einaste sikre øydegardane frå eldre tid på Hareidlandet.

Dankesvik

Det har vore sett fram ymse framlegg om kvar garden Dankesvik kunne ha lege. Men svaret er mykje enklare: Dankesvik finst den dag i dag. Det er berre namnet som er gløymt. Dankesvik var eit anna namn på Haugen.

Namnet Dankesvik finn me i kjelder frå 1607 og fram til 1630-åra. Frå den tida er det først og fremst lens-rekneskapa me har. I lens-rekneskapa er det to slag skattelister der gardane er nemnde: Kwart år vart det sett opp ei liste for leidang og korn-tiende. Med ujamne mellomrom vart det i tillegg kravd inn ein pengeskatt. Betalinga vart ført i eigne lister. Først var det fleire år mellom kvar gong. Seinare, på 1620-talet, kunne det kome to om året.

Pengeskatten vart kravd inn frå Per i Haugen, seinare Hans og så Knut Haugen, men ikkje frå Dankesvik. Leidang og tiende, derimot, vart lagt av Per Dankesvik, seinare Hans Dankesvik og så Knut Dankesvik – og Haugen er ikkje nemnd. Forklaringa må vere at når dei sette opp skattelistene, brukte dei kladden frå året før som grunnlag. I pengeskatt-lista stod det Haugen, og så vart det Haugen. I leidanglista stod Dankesvik, og så vart det Dankesvik. At gardar har meir enn eitt namn er ikkje noko særst, jamfør Breivik/Stålvik, Sulesund/Flesjesund, Berge/Saltre, m.fl.

Ein kan spekulere på grunnen til at Dankesvik-namnet kom vekk. Kanskje fanst Dankesvik berre i skattelistene dei siste tiåra. Kanskje var namnet etter den første brukaren ein gong på 1500-talet – og så vart først mannen gløymd – og dinest namnet? Iallfall ser det ut til at Haugen-namnet vart heilt einerådande frå om lag 1635.

Ivar Ertesvåg

.....

Meir om fortidsgardar:

(i Vikebladet 19.okt 2010)

Lundegard var eit anna namn på Åsen. Dei to namna vart brukte om kvarandre, til dømes Lundegaard i landskyldlista for krungods i 1607 og Aasen i lista for leidang og tiende same året.

Brebye eller Brebøø må vere Røysa (på Sula), og Nygaard (som Vikebladet og Oluf Rygh ikkje tek med) må vere Øydegard (Sula).

Ivar Ertesvåg